

**STYRESAK 099/15 Administrerende direktør si orientering pkt. 1
OVERSIKT OVER TILSYNSSAKER I HELSE VEST:
OVERSIKT OVER STATUS I TILSYNSSAKER SOM ER GJENNOMFØRTE,
ELLER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.**

(Nye saker og nye aktiviteter i perioden er merka med raud skrift.)

Innleiing:

Når det gjeld brevet som Datatilsynet sendte ut til alle HF-a (datert 31.03.2015) med spørsmål knytt til konsolidering av helseføretaka sine elektroniske pasientjournalar, har Datatilsynet følgd opp svaret frå Helse Vest, og ber med heimel i pasientjournalloven § 26, annet ledd, jf. personopplysningsloven § 44 om ytterlegare informasjon innan 1. september 2015. Helse Vest har sendt svar innan fristen, og det er ikkje motteke svar frå Datatilsynet.

Helse Bergen har hatt tilsyn ved Nevrokirurgisk avdeling på Haukeland Universitetssjukehus frå både Helsetilsynet og Arbeidstilsynet (s. 2-3 og 6 i oversikta). Helsetilsynet undersøkte påstand om at legar under utdanning (LIS-legar) ved denne avdelinga opererer etter 26-timars vakter, og det blei påpeikt eitt avvik som handlar om at leiinga her ikkje har etablert naudsynt styring med om LIS-legane er skikka til å utføre operative inngrep på slutten av vaktperioden og etter vakt. Helse Bergen har fått frist til 01.10.2015 med å lukke avviket. Helse Vest RHF har sendt tilsynet ut som grunnlag for læring til dei andre HF-a, og har motteke svar der alle rapporterer om at dei har implementert arbeidsplanar og rutinar som gjer at dei ikkje har tilsvarende utfordringar som beskrive i avviket.

Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn og hatt fleire møte for å undersøke arbeidsmiljøet blant legane ved Nevrokirurgisk avdeling. Det blei gitt fire pålegg som mellom anna dreier seg om HMS-arbeid og arbeidstidsordning. Helse Bergen har fått frist til 01.11.2015 med å gje tilbakemelding på pålegga.

Det er elles lite nytt sidan førre rapportering.

Ingen av tilsyna er karakterisert som kritiske.

**HELSETILSYNSMYNDIGHEITER:
OVERSIKT OVER SAKER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.**

HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Helse Stavanger HF	Tilsyn om samhandling med kommunen om utskriving av pasientar. Tilsynet blei gjennomført ved kardiologisk avdeling, sengepost 3H. Det blei undersøkt om helseføretaket gjennom systematisk styring sikrar forsvarleg utskriving av pasientar som blir skrivne ut til eigen heim og som treng helsehjelp etter utskriving.	04.08.2015	Ved tilsynet blei det ikkje avdekt forhold som er i strid med krav i helselovgevinga			04.08.2015
Helse Stavanger HF	Tilsyn med gjennomføring av skjerming	23.06.2015	Tilsyn med psykiatrisk divisjon med gjennomføring av skjerming av tvangsinnlagte pasientar med sjølvdestruktiv åtferd. Fylkesmannen meiner at pasientar har blitt skjerma med bruk av eit meir restriktivt regime enn det er grunnlag for i lov om psykisk helsevern.		Praksisen er allereie avvikla og tilsynet avslutta.	23.06.2015
Helse Bergen HF	Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn ved Haukeland Universitetssjukehus, Nevroklinikken, Nevrokirurgisk avdeling den 22. april 2015.	23.06.2015	1 avvik: Leiinga har ikkje etablert naudsynt styring med om LIS-legane er skikka til å utføre operative inngrep på slutten av vaktperioden og etter vakt.	01.10.2015		

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
	Føremålet med tilsynet var å undersøke om Helse Bergen HF har etablert styring og fører kontroll med om legar under utdanning (LIS-legar) opererer utan at dei er skikka til det. Utgangspunktet var påstand om at LIS-legar opererer etter 26 timars vakt.					
Helse Førde HF	Landsomfattande tilsyn. Samhandling om utskriving av pasientar frå spesialisthelsetenesta til kommunen 2015. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomførte tilsyn på Nordfjord sjukehus og Førde Sentralsjukehus 14-16.04.15 med tema avtalar og rutinar i samband med utskrivingsklare pasientar	Førebels rapport frå Fylkesmannen datert 29.04.2015 Endeleg tilsynsrapport frå Fylkesmannen datert 01.06.2015	Det vart ikkje avdekt forhold som er i strid med helselovgjevinga		Varsel om tilsyn i brev frå FM av 8.1.15. Helse Førde sendte førespurte opplysningar til Fylkesmannen i brev av 10.02.2015. Helse Førde har fått frist for tilbakemelding innan 20.5.15 for å kommentere førebels rapport.	01.06.2015
Helse Stavanger HF	Tilsynsrapport – kardiologisk poliklinikk	15.01.2015	To avvik. 1: Det er for stor risiko for at ein overlege ikkje vurderer tilvisingar innanfor rett tid og sett fast ein tidsfrist for når pasienten skal få timeavtale ved poliklinikken. 2: SUS har ikkje god nok styring med at pasientar som	20.02.2015	Brev med utgreiing av tiltak er sendt Fylkesmannen i Rogaland datert 13.02.2015. Fylkesmannen i Rogaland har i brev datert 06.03.2015 bedt om ytterlegare opplysningar i samband med tilsynet. Ny svarfrist er 30.04.2015 Svar sendt Fylkesmannen pr. brev datert 28.04.2015.	17.06.2015

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
			skal til oppfølgingskontroll ved hjerte-poliklinikken får tilbud om hjelp innanfor forsvarleg tid		Tilsyn avslutta ved brev frå Fylkesmannen datert 17.06.2015	
Helse Førde HF	Tilsyn med Helse Førde, psykiatrisk klinikk, Nordfjord psykiatrisenter og Indre Sogn psykiatrisenter 2014	05.03.2014	1 avvik: Helse Førde sikrar ikkje gjennom systematisk styring og internkontroll at det alltid vert gjort forsvarlege vurderingar av om LAR pasientar støttar helsekrava til førarkort jf. førarkortforskrifta		Tilsyn gjennomført 30.1.2014. Brev frå Helse Førde av 04.06.2014 m/ tiltaksplan Brev frå Fylkesmannen av 26.06.2014. Fylkesmannen tek brevet til vitande og ber Helse Førde følgje opp saka gjennom internkontrollen.	06.0614
Helse Førde HF	Mangel på ambulansegarasje i Sogndal, slik at bilane vert utsette for frost.	14.04.2010	Fylkesmannen har tidlegare konkludert med at tenesta er ikkje uforsvarleg.		Fylkesmannen i Møre og Romsdal er oppnemnt som settetilsyn Har sendt svar til Fylkesmannen den 17.07.12. Ventar på tilbakemelding.	17.07.2012
Helse Bergen HF	Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn ved BUP Voss 17. juni 2014. Tilsynet er del av det landsomfattande tilsynet med poliklinikkar i psykisk helsevern for barn og unge som blir gjennomført i 2013 og 2014 etter oppdrag frå Statens helsetilsyn. Tilsynet er gjennomført ved stikkprøver i eit avgrensa utval pasientjournalar. Føremålet var å sjå etter om tiltak i handlingsplanen som BUP Voss utarbeidde etter eigen vurderinga i	10.07.2014			I samband med tilsynet er pasientar som er 12 år og eldre og deira foreldre/føresette inviterte til å delta i ei anonym spørjeundersøking om tilbodet ved poliklinikken. Hovudintrykket er at dei blir informert og får medverke i utgreiing og behandling. Funn i pasientjournalane tilseier at gjennomføring av tiltak i handlingsplanen er starta, men rutiane er hittil ikkje systematisk innarbeidde og følgde. Fylkesmannen legg til grunn at leiinga set i verk nødvendige tiltak og evaluerer om dei fungerer. Frist for tilbakemelding er 20. desember 2014.	

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
	2013, er innarbeidde i praksis.					
Haugesund Sanitetsforenings Revmatism esjukehus	Tilsyn med prioritering av søknadar og oppfølging av pasientar etter igangsett behandling i august 2011	29.09.2011	Eitt avvik: HSR sikrar ikkje at alle revmatologiske pasientar ved HRS får forsvarleg kontroll og oppfølging ved poliklinikken.		Tilsynet blei avslutta ved brev frå Fylkesmannen, datert 20.04.2015	20.04.2015
Helse Fonna HF	Fylkesmannen i Hordaland har gjennomført tilsyn med Helse Fonna HF, Seksjon for patologi ved Haugesund sjukehus den 7 og 8 mai 2014. Tilsynet gjeld mottak, prosessering og undersøking av tilsendte preparat, samt formidling av prøvesvar til rekvirent, der rekvirerande lege har mistanke om kreft	25.06.2014	5 avvik: 1.Risikoområder avdekka av føretaket utan at tilstrekkeleg førebyggjande og kompensierende tiltak er iverksett 2.Uavklårt ansvarsområde for seksjons- og avdelingsleiar 3.Utilstrekkeleg kompetanseutvikling 4.Medarbeidarane sin kompetanse ikkje tilstrekkeleg brukt i utvikling av seksjonen 5.Utvikling, iverksetting og oppfølging av rutinar ikkje godt nok gjennomført	26.08.2014	Planlagde og iverksette tiltak: 1) Auke talet på bioingeniørar. Systematisk oppfølging av sjukemeldte. Opprette ulike fagansvarleg-funksjonar i eininga 2) Klargjere leiarlinja ved gjennomgang av revisjon, samt stillingsbeskriving og oppgåver for seksjon og funksjonsleiar. 3) Setje i verk opplæringsplaner for nytilsette, i tillegg til å utarbeide kompetanseplanar for alle medarbeidarane 4) Individuelle samtaler og auka fokus på medverknad og kommunikasjon for å oppnå positiv utvikling i seksjonen 5) Ansvar for oppfølging av at faglege prosedyrar vert implementerte i aktuell stillingsbeskriving. Det skal arbeidast med kvalitets- og måleindikatorar 18.08.2014 Svar til Fylkesmannen med utgreiing for forbetningsarbeidet som er satt i gong og vedlagd handlingsplan over fagstillingar. 02.12.2014 Helse Fonna sendte etterspurd kopi av statusrapport som blei presentert for styret i september, oppdatert handlingsplan og kart over fagfunksjonar i Seksjon for patologi 02.03.2015 Brev til Fylkesmannen i Hordaland. Eininga har gjennomført tiltak i tråd med	

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
					handlingsplan. Omstillingsprosessen er gjennomført Helse Fonna ventar på svar frå Fylkesmannen i Hordaland	

**ANDRE TILSYNS- OG KLAGEORGAN:
OVERSIKT OVER SAKER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.**

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Arbeidstilsynet	Helse Bergen HF	Tilsyn ved Nevrokirurgisk avdeling på Haukeland Universitetssjuka hus. Tema var arbeidsmiljøet blant legene ved avdelinga.	24.04.2015	4 pålegg som gjeld: 1. HMS-arbeid - kartlegging og risikovurdering. 2. HMS-arbeid - tiltak og plan. 3. Arbeidstidsordning- vurdering av forsvarlegheit 4. Evaluering	01.11.2015	Tilsyn med fleire møte frå den 30.10.2014 - 04.03.2015. Tilsynsrapporten blei motteke 24.04.15, med varsel om at det blir vurdert å gje pålegg til verksemda med frist for tilbakemelding 18.05.2015. Tilbakemelding ble sendt 18.05.2015 frå Helse Bergen HF. Vedtak om pålegg ble motteke 15.06.15. med frist 01.10.2015. 15.09.2015 sendte Helse Bergen HF søknad om fristutsetting. 29.09.15 tilbakemelding frå Arbeidstilsynet om at fristen var blitt utsatt til 01.11.2015.	
Arbeidstilsynet	Helse Bergen HF	Arbeidsmiljølovas krav for å førebyggje arbeidsrelatert sjukdom og skade. Avd. for	10.04.2015	Dette vil bli vurdert ut frå tilbakemeldinga på rapporten frå Arbeidstilsynet	01.07.2015 (det er bedt om utsetting av fristar i tilbakemeldinga av	Tilsynet blei gjennomført 11.02.2015. Arbeidstilsynet opplyser i brev datert 03.03.2015 om forlenga sakshandsamingstid. Tilsynsrapporten blei motteke 10.04.2015 med varsel om at det vert vurdert å gje	

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
		rusmedisin			11.05.2015, til respektive 01.10 og 01.12.2015	pålegg til verksemda. Frist for tilbakemelding er 11.05.2015, og det vil deretter bli sendt eit eige brev om den vidare oppfølginga. Tilbakemelding om gjennomførte tiltak og plan for tiltak som skal gjennomførast med fristar blei sendt til Arbeidstilsynet den 11.05.2015	
Arbeidstilsynet	Helse Stavanger HF	Samarbeid mellom arbeidsgivar, verneombod og tillitsvalde om arbeidstilknytning, endring og omstilling, arbeidsgivarordningane og om vald og truslar. I tillegg så dei på korleis arbeidsgivar førebyggjer og følgjer opp stikkadar, samt om korleis BHF (bedriftshelse-tenesta) blir brukt innan dei reviderte områda.	13–16.10.14. Dato for slutt møte: 12.11.2014 Sluttrapport datert 17.12.2014	Det blei gitt varsel om 2 pålegg og 6 merknadar. Avvika går ut på om arbeidstidsordningane er forsvarlege, samt bruk av utstyr med beskyttelsesmekanismer for å hindre stikkadar.	31.05.2015 05.06.2015	Helse Stavanger har frist til 08.12.2014 til å gi tilbakemelding på varsla pålegg. Dei vil etter det få eit brev om vidare oppfølging frå Arbeidstilsynet. Arbeidsmiljøutvalet skal handsame helse- og velferdsmessige spørsmål knytt til arbeidstidsordninga. Brev om dei varsla pålegga blei sendt til Arbeidstilsynet den 03.12.2014. Frist for gjennomføring av tiltaka er sett til 31.05.2015 Frist utsett til 05.06.2015. Tilbakemelding frå Arbeidstilsynet datert 25.06.2015 om at pålegget er oppfylt.	25.06.2015
Arbeidstilsynet	Alle	Nasjonal tilsynskampanje med særleg fokus på førebygging av muskel- og skjelettplager	07.04.2011		Fleire fristar Nye fristar: 1/3, 1/4, 1/6, 1/7 og 31/12 2013. Nye fristar fram til	Helse Fonna: Avslutta 3.7.13 Helse Førde blei gitt elleve pålegg. Det er ulike fristar for tilbakemelding, den siste er i 2013. Det blei halde slutt møte i Førde 19.10.11.Ti pålegg er lukka per 01.01.13. Det er søkt om dispensasjon frå eitt punkt.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKking AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
					01.01.2016	<p>Midlertidige tiltak for garderobeavvik er utført, og Arbeidstilsynet har bede om tidfesta plan for endelege tiltak i bygget innan 01.08.13 Vidare tiltaksplan vart sendt til Arbeidstilsynet 26.06.13. Brev om utsetjing av fristar for 7 ambulansestasjonar frå Arbeidstilsynet, datert 08.04.2014.</p> <p>Status pr. 05.12.2014: Helse Førde har framleis dispensasjon når det gjeld Selje, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Gulen, Vik, Høyanger, Lavik og Sogndal. Helse Førde melder og om at Gloppen og Årdalstangen er flytta i nye og oppdaterte lokale, og at Eid og Lærdal er under arbeid. Status pr 10.06.2015: Eid og Lærdal er ferdigstilt. Vik og Høyanger er no ute på anbod, og Selje skal inn i mellombelse lokale hausten 2015.</p> <p><u>Status september:</u> Nytt brev frå Arbeids- tilsynet av 18.9.15, svarfrist 5.10.15</p> <p>Ambulansestasjonane er tatt med i bygningsmessig utviklingsplan, nyleg vedtatt av styret i Helse Førde.</p> <p>Ad Sogndal: Arbeidstilsynet har etterspurt status brev dagsett 18.9 med frist 05.10.15. Helse Førde har sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe vidare med mål om å finne romløysingar som stettar krava til stasjon innan for tilgjengeleg areal. Dette inkluderer både garasje og garderobeanlegg. Tilsvar til Arbeidstilsynet er under ferdigstilling. Det må påreknast at det vert søkt om ein ny dispensasjon.</p> <p>Øvrige stasjonar: pågåande prosess på anbod og anskaffelse av ny stasjon i Høyanger og Vik.</p>	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						<p>Forhandlingar pågår. Selje har teke i bruk mellombelse lokale.</p> <p>I Helse Bergen Tilsynet her er avslutta (lukka). Helse Stavanger Tilsynet her er avslutta (lukka).</p>	
Arbeidstilsynet	Helse Stavanger HF	Arbeidstilsynet har bedt om ei oversikt over arbeidstimane til dei ti legane med mest overtid i helseføretaket.	13.07.2011		15.09.2011	Tilsvar er utarbeidd og sendt til Arbeidstilsynet innan fristen 15.09.2011. Føretaket har ikkje mottatt svar frå Arbeidstilsynet.	
Arbeidstilsynet	Helse Bergen HF	HMS - Kvinneklinikken	04.10.2012	Varsel om åtte pålegg og tre tilleggspålegg.	01.09.2014	Dei tre tilleggspålegga er ikkje lukka. Helse Bergen har svart på aktuelle pålegg den 01.09.2014	
Arbeidstilsynet	Helse Førde HF	Tilsyn med organisatoriske arbeidsvilkår og det systematiske arbeidsmiljø-arbeidet - kjøkkenet	03.07.2014	1 pålegg: Usikra eltemaskin. 1 varsel om pålegg: Gjeld planen til bruk av BHT (bedriftshelseteneste) for å førebygge helseskader	31.10.2014	<p>Helse Førde melder den 22.07.2014 at tiltak er under arbeid. Arbeidstilsynet krev dokumentasjon innan fristen 31.10.2014 før tilsynet vert lukka.</p> <p>Tilbakemelding frå Arbeidstilsynet ved brev av 11.09.2014 og 14.10.2014, sak blir avslutta</p>	14.10.2014
Arbeidstilsynet	Helse Førde HF	Ambulanse-tenesta Stryn Ambulanse-stasjon	27.01.2014	Avvik i HMS-tiltak	01.04.2014	<p>Krav om forbetringstiltak ved 1 avvik innan 01.04.14.</p> <p>Tilbakemelding frå Arbeidstilsynet ved brev av 15.01.2015, sak blir avslutta</p>	15.01.2015
Arbeidstilsynet	Helse Førde HF	Psykiatrisk klinikk, Førde. HMS tilsyn	06.02.2014	Avvik i HMS-tiltak	01.04.2014	<p>Krav om HMS konsekvenskartlegging innan 01.04.14.</p> <p>Tilbakemelding frå Arbeidstilsynet ved brev</p>	05.03.2015

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						av 05.03.2015, sak blir avslutta	
Datatilsynet	Alle	Med bakgrunn i konsolideringa av helseføretaka sine elektroniske pasientjournalar i ein database har Datatilsynet ved likelydande brev til helseføretaka sett i gang ein brevkontroll med om HF-a sin pasientjournal, inklusive pasient-administrativt system handsamast i samsvar med pasientjournal-lova sine føresegner	Brev dagsett 31.03.2015		25.05.2015	<p>Helseføretaka vil svare ut Datatilsynet om kva dei har tenkt å gjere relatert til moglegheitene i nytt pasientjournallovverk, som tok til å gjelde frå årsskiftet.</p> <p>Føretaksgruppa i Helse Vest har gjennom fleire år arbeidd med utvikling av elektronisk pasientjournal. Den siste milepælen i dette arbeidet fann stad 9. mars 2015 da alle føretaka sine elektroniske pasientjournalar blei samla i ein database. Konsolideringa i ein database inneberer ikkje at helseføretaka har slått saman pasientjournalssystema, verken i forståinga av ein stor felles verksemdsovergrepande løysing, eller ei løysing der det er opna for tilgang på tvers. Konsolideringa inneberer at vi har lagt til rette for å ta i bruk dei moglegheitene som ligg i nytt pasientjournallovverk, som tok til å gjelde frå årsskiftet.</p> <p>Det å ta i bruk det moglegheitsbilete som no ligg i lovgivinga er kanskje det viktigaste vinstpotensialet ved konsolideringa, og føretaksgruppa arbeidar aktivt for å kome i posisjon til å ta ut desse vinstane. Her står det att noko arbeid, i første rekke i samband med å sikre at alle helseføretaka har hand om eigen implementering og etterleving av regionale føringar og styringssystem, og i tillegg ferdigstilling av risikovurderingar for ibruktaking av funksjonaliteten tilgang på tvers, samt ferdigstilling av nødvendig avtaleverk.</p> <p>Helseføretaka ønskjer å svare ut Datatilsynets brev i forhold til det vi innan kort</p>	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						<p>tid har tenkt å gjere relatert til moglegheitene i nytt lovverk. Bakgrunnen for det skyldast mellom anna sjølve konsolideringa som fant stad per mars 2015, ikkje innebar endringar ut over kva ein la til grunn at tidlegere lovverk opna for og mellom anna fordi helseføretaka legg til grunn at det er viktigare nå å fokusere på og få gjennomgått dei endringar som er nært føreståande, og som handlar om det komande oppsett av elektronisk pasientjournal i føretaksgruppa. Dette vil dels vere basert på pasientjournallova § 9 og dels basert på tilgang til journaldokument på tvers av føretak med heimel i pasientjournallova § 19, jf. forskrift om tilgang til helseopplysingar mellom verksemdar.</p> <p>For å kunne gi eit slikt svar er det behov for noko meir tid til å kunne ferdigstille den nødvendige dokumentasjonen og for å få sikra gode prosessar og forankring av dokumentasjonen hjå den einskilde databehandlingsansvarlige. Datatilsynet har på denne bakgrunn imøtekome eit ønskje om utvida svarfrist fram til 25. mai 2015.</p> <p>Helse Vest RHF har svart Datatilsynet per brev datert 22.05.2015 på vegne av heile føretaksgruppa.</p> <p>Innleiingsvis i brevet blir det gjort merksam på at konsolideringa til ein database ikkje inneberer at helseføretaka har slått saman pasientjournalssystema. Dette betyr at det i Helse Vest i dag ikkje er ein felles pasientjournal på tvers av verksemdene eller der det er opna for ei generell løysing med tilgang på tvers.</p> <p>Brevet svarar ut alle spørsmåla frå</p>	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						<p>Datatilsynet, og summerer opp at føretaksgruppa arbeider aktivt for å kunne dele pasientinformasjon og gje tilgang til pasientjournalar i tråd med ny lovgjeving, og at målet er å betre pasienttryggleiken og personvernet.</p> <p>Svarbrev frå Datatilsynet datert 06.07.2015 der dei ber om ytterlegare utgreiing av 7 forhold innan 01.09.2015</p> <p>Helse Vest har sendt svar til Datatilsynet innan fristen med etterlyst tilleggsinformasjon.</p>	
Datatilsynet	Helse Førde HF	Tilsyn med helseforskning, gjennomført i november 2011	09.08.2011	Ti avvik	15.04.2013	<p>Føretaket har i brev datert 15.06.2012 fått varsel om ti avvik som er knytt til behandling av helseopplysingar i helseforskning. Det er gitt ny frist til 28.09.2012 før endeleg vedtak blir gjort. Helse Førde har sendt svar til Datatilsynet 18.09.12. Endeleg kontrollrapport dagsett 15.03.13 er motteke og Helse Førde har fått svarfrist til 15.04.2013. Helse Førde sendte svar 12.04.13 med status i arbeidet og plan for lukking av avvik.</p> <p>Brev frå Datatilsynet datert 27.05.2013, der saka blir avslutta</p>	27.05.2013
Datatilsynet	Haralds- plass Diakonale sykehus	Vedtaket gjeld uautorisert uthenting av helseopplysingar gjennom føretaket si tilknytning til leverandøren Healthcare Systems i	18.07.2012	Vedtak om pålegg		<p>Datatilsynet har vedteke at hendinga blir behandla som eit avvik, at føretaket etablerer tilfredsstillande sikkerheitstiltak, og at dei aktuelle identifiserte pasientane skal informerast om hendinga. Haraldsplass Diakonale sykehus er gitt frist til 31.12.12 for å gjennomføre pålegga. Tilsynet ber òg om nærmare opplysningar om at leverandøren si tilgang til helseopplysingar er i samsvar med</p>	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
		samband med vedlikehald og overvaking av medisinsk-teknisk utstyr.				helseregisterlova § 13 og korleis krav om systematiske tiltak for informasjonssikkerheit blir sikra. Helse Vest har vore i dialog med Datatilsynet i samband med pålegga. Datatilsynet har forlenga klagefristen til 22.10.2012. Haraldsplass har svart Datatilsynet i brev av 27.12.2012.	
Datatilsynet	Helse Stavanger HF	Vedtaket gjeld uautorisert uthenting av helseopplysingar gjennom føretaket si tilknytning til leverandøren GE Healthcare Systems i samband med vedlikehald og overvaking av medisinsk-teknisk utstyr.	18.07.2012	Vedtak om pålegg		Datatilsynet har vedteke at hendinga blir behandla som eit avvik, at føretaket etablerer tilfredsstillande sikkerheitstiltak, og at dei aktuelle identifiserte pasientane skal informerast om hendinga. Helse Stavanger er gitt frist til 31.12.12 for å gjennomføre pålegga. Tilsynet ber òg om nærmare opplysningar om at leverandørens tilgang til helseopplysingar er i samsvar med Helseregisterlova § 13, og om korleis krav om systematiske tiltak for informasjonssikkerheit blir sikra. Helse Vest har vore i dialog med Datatilsynet i samband med pålegga. Datatilsynet har forlenga klagefristen til 22.10.2012. Helse Stavanger har påklaga delar av vedtaket i brev av 19.10.12. Helse Stavanger har svart Datatilsynet i brev av 21.12.2012.	
Direktoratet for samfunns-sikkerhet og beredskap (DSB)	Helse Bergen HF	Tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr	16.06.2014 (dato for brev)	2 avvik i samband med mangelfull kartlegging og risikovurdering av el-anlegga og planlagde kontrollintervall av GR-2 rom, samt at avvik frå eit tilsyn i 2012 enno ikkje er tilfredsstillande lukka	15.09.2014	DSB gjennomførde tilsyn i perioden 02.06.-04.06.2014. Pålegg om lukking av avvik og varsel om tvangsmulkt blei sendt frå DSB 14.07.2014. Framdriftsplan med korrigerande tiltak blei sendt frå Helse Bergen 15.09.2014 Tilsynet avslutta 14.10.2014	14.10.2014

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
DSB	Helse Stavanger HF	Tilsyn med elektrisk anlegg og elektrisk utstyr	20.02.2015	Det blei gitt 4 avvik og 2 merknadar. Avvik 1: Historiske data om feil i elektriske anlegg blir ikkje nytta i eit systematisk forbetningsarbeid. Avvik 2: Legars kunnskap i bruk av elektromedisinsk utstyr blir ikkje systematisk kvalitetssikra. Avvik 3: Det er ikkje sett i verk tiltak på område der eiga ROS-analyse påpeiker risikoområde i elektrisk anlegg Avvik 4: Det er underrapportering av uhell/nesten-uhell til DSB på situasjonar kor elektromagnetisk utstyr var i bruk	01.06.2015 01.10.2015	Brev med plan for lukking av avvik sendt DSB 28.05.2015. Brev frå DSB datert 12.08.2015 med vedtak om pålegg. DSB ber om ytterlegare tiltak før avvika kan lukkast. Brev med ytterlegare utgreiing for lukking av alle avvika sendt 28.09.2015.	
DSB	Helse Stavanger HF	Tilsyn med Helse Stavanger HF 2013	01.03.2013	Det blei gitt 2 avvik og 4 merknadar. Avvika gjaldt manglande registrering og systematisering av feil i elektriske anlegg for førebygging av nye feil og manglande dokumentasjon på	08.06.2013	Plan for lukking av avvik og kommentarar til merknadene blei sendt DSB i brev datert 21.05.2013	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				opplæring i medisinteknisk utstyr for legar.			
DSB	Helse Førde HF	Teknisk avdeling, HMS/Kvalitet, brukarar av Medisinsk teknisk utstyr (MTU), og Medisinsk teknisk avdeling	15.10.2013	<p>Det vart påvist to avvik, i forbindelse med systematisering og dokumentasjon i opplæring av MTU, og vedlikehald av utstyr.</p> <p>Det var i tillegg ein merknad i rapporten som gjekk på utarbeiding og merking av prosedyrar i Kvalitetshandboka.</p>	31.12.2013	<p>Helse Førde sendte 23.12.13 tilbakemelding til DSB, med oversikt over tiltak og plan for lukking av avvik. HF sendte handlingsplan 23.12.13. DSB aksepterer handlingsplanen, men saka blir ikkje avslutta. DSB ber om underretting om framdrifta den 24.01.14.</p> <p>Nytt tilsyn gjennomført 23.-26.06.2014. Ingen avvik eller merknader, sak avslutta.</p>	26.06.2014
Statens strålevern	Helse Stavanger HF	Tilsyn ved avdeling for stråleterapi	12.11.2014	<p>2 avvik og 1 merknad.</p> <p>Avvik 1: Årleg opplæring i strålevern er ikkje gjennomført for alle tilsette.</p> <p>Avvik 2: Den apparatspesifikke opplæringa er ikkje dokumentert for den einsskild arbeidstakar.</p> <p>Merknad: talet onkolog- og fysikarstillingar er noko knapt.</p>	01.05.2015	<p>Plan for lukking av avvik sendt 26.02.2015</p> <p>Svar frå Statens strålevern mottatt 11.02.2015. Avvik 2 er lukka, og avvik 1 blir lukka når den planlagde opplæringa er gjennomført. Frist 20.03.2015.</p> <p>Etter kontakt med Statens strålevern er fristen for lukking av avvik utsett til 01.05.2015.</p> <p>Aktuell opplæring er gjennomført, og dokumentasjon av dette er sendt til Statens strålevern pr. brev datert 27.04.2015.</p> <p>Tilsynet avslutta med brev frå Statens strålevern datert 29.04.2015</p>	29.04.2015

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Statens strålevern	Helse Stavanger HF	Tilsyn ved Hjerteintervensjon kardiologisk avdeling	23.01.2014	Det blei gitt 3 avvik og 3 merknader. 1) Ikkje optimalisert bruk av medisinsk stråling. 2) Mangelfull opplæring av kardiologane. 3) Manglande retningslinjer for kva for strålevern relaterte hendingar som skal meldast i Synergi og til Strålevernet	01.05.2014	Dokumentasjon for å lukke avvika vil bli sendt Statens strålevern innan fristen	
Statens legemiddelverk (SLV)	Helse Bergen HF	Tilsyn med Haukeland Universitets-sjukehus, radiologisk avdeling, senter for nukleærmedisin 24.-25. sept. 2014	30.10.2014 (dato for brev)	13 avvik (ingen kritiske), der 5 er klassifisert som store, og 8 andre avvik		Utgangspunktet for tilsynet er verksemdas tilverkingstillating for legemiddel. Tilsynet vil femna om alle aktivitetar som skjer i kraft av denne tillatinga. Store avvik skal vere retta opp innan 3 mnd., andre avvik innan 6 mnd. Senteret sendte framdriftsplan for utbetring av avvik den 01.12.2014. Tilbakemelding med iverksette tiltak retta mot store avvik vart sendt frå Helse Bergen 01.03.2015	
Statens legemiddelverk (SLV)	Helse Førde HF	Førde Sentralsjukehus, Blodbank	20.06.2013	8 avvik er påvist	20.12.2013	Helse Førde har fått 3- og 6-månadars fristar på å rette opp dei ulike avvika, og frist til 09.08.13 på å sende inn framdriftsplan på tiltaka. Svar til Legemiddelverket vart sendt 22.11.13, med etterspurt dokumentasjon. Venter på tilbakemelding. Tilbakemelding frå Statens legemiddelverk 15.08.2014, sak avslutta	15.08.2014

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Mattilsynet	Helse Bergen HF	Tilsyn ved Hospitaldrift 4 K: Cafe 3 og Cafe Foaje. Fokus på reinhald/orden og allergenmerking.	11.09.2015	Matmerking – Allergenar - ikkje ferdigpakka mat. Det var ikkje spesifisert kva kornslag glutenet kom frå.	Ikkje oppgitt	Uanmeldt inspeksjon den 02.09.2015,	
Mattilsynet	Helse Bergen HF	Tilsyn Voss sjukehus. Lokal tilsynskampanje med fokus på reinhald/orden, allergenmerking, temperaturer under lagring og handtering av matvarer.	15.09.2015	Matmerking – Allergenar - ikkje ferdigpakka mat. Det var ikkje spesifisert kva kornslag glutenet kom frå.	Ikkje oppgitt	Uanmeldt inspeksjon den 14.09.2015.	
Mattilsynet	Helse Førde HF	Tilsyn 25.02.15 kjøkken Nordfjordeid	Tilsynsrapport 08.04.2015	Ingen avvik	Avslutta		08.04.15
Mattilsynet	Helse Førde HF	Umeldt rutinetilsyn 25.09.2014, Lærdal sjukehus, kjøkken	03.10.2014	2 avvik i rutinar i høve til journalføring av temperatur på matlagingsplassar (Internkontroll forskrifta for næringsmidl.)		Helse Førde har svart i brev datert 24.10.2014 at gjeldande rutinar vil bli gjennomgått og endra for å tilfredsstille krava i internkontrollforskrifta. Ventar svar og godkjenning frå Mattilsynet. Sakshandsamar i HF sendt puring 09.02.2015. Det er ikkje kome brev frå Mattilsynet om ytterlegare krav i tillegg til allereie innsende dokumentasjon. Mattilsynet gjennomgår eventuelt tema ved neste tilsynsbesøk.	24.10.2014

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Mattilsynet	Helse Førde HF	Førde Sentralsjukehus , 7 kjøkken	18.12.2013	E-rapporten inneholdt 2 vedtak om pålegg, gjeld handvask og lagring og handtering av mat utanfor rein sone i kjøkken.	31.01.2014	Helse Førde har blitt beden om å følgje opp vedtak og gjennomføre tiltak innan 21.01.14. Saka arbeidast med. Mattilsynet har godteke tiltak etter tilsyn 23.01.2014.	23.01.2014
Mattilsynet	Helse Stavanger HF	Kantinekjøkken	23.01.2014	Varsel om vedtak om pålegg: Mattilsynet pålegg å sørge for at produksjonskjøkkenet blir halde i rein og god stand. Dette betyr at hulkiler, golvlist, vegg og beina på den eine benken må vedlikehaldast slik at overflatene blir lette å reingjere.	30.04.2014	Vedlikehaldsarbeidet er satt i bestilling	
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Helse Førde HF	Ureiningstilsyn - Kontroll med Internkontroll (Ytre miljø), Utslepp, avfallshandtering, risikovurdering, forskriftskrav, m.fl	22.11.2013	Det vart påvist 3 avvik, gjeld kjennskap til ureiningsforskrifta, luftutslepp og handtering av farleg avfall. Avvik 3 er lukka. Ein merknad til rutine for mottakskontroll for brensel	22.12.2013	Fylkesmannen har bedt om melding om retting av avvik, og evt. Tidfesta handlingsplan for tiltak, innan 22.12.13. Handlingsplan er sendt til Fylkesmannen 20.12.13. Ventar på tilbakemelding. 26.02.14 blei det sendt svar på tilsyn, lukking av 2 avvik. Avvik nr. 3 blei stadfesta lukka 20.01.14	06.03.2014

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Førde Kommune - Feiarvesenet	Helse Førde HF	Bustadtilsyn Leirstad - 20.11.13	20.11.2013	19 avvik registrert, gjeld defekte røykvarslarar, og brennbart materiale for nært sotluke		Feiarvesenet har bede om tilbakemelding med framdriftsplan og plan for retting av avvik innan 30 dagar Vaktmeister arbeider med saka. Det vart sendt rapportar om utbetring/tiltak den 07.04.14 til feiarvesenet (denne saka høyrer til Bustadstiftinga, ikkje Helse Førde HF, men vert pro forma meldt i tilsynsrapporten).	07.04.2014
Karmøy kommune. Teknisk etat	Helse Fonna HF	Karmøy DPS. Branntilsyn 26.11.2014.	27.11.2014	1 avvik: Det er laga risikoanalyse for Karmøy DPS, men denne kunne ikkje leggjast fram ved tilsynet. Det er ikkje laga risikoanalyse av unormal eller varierende risiko ved verksemda	31.01.2015	07.01.2015 Brannvernleiar Karmøy DPS melder tilbake at tiltaksplan er utarbeidd og alle tilsette skal bli informert om innhaldet. Helse Fonna har førebels ikkje motteke svar frå kommunen. Tilsynet lukka pr. telefon den 7. september 2015.	07.09.2015
Lokale tilsynsmyndigheiter. Branntilsyn	Helse Fonna HF	Stord sjukehus	12.11.2014	Det er vidareført 1 avvik, som er påpeika ved tidlegare tilsyn. Eigar har ikkje sørgja for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalda i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter om førebygging av brann	31.03.2015	Det er utarbeidd ei brannteknisk vurdering av Skansen Consult, og på bakgrunn av denne utarbeida ein handlingsplan som skal følgjast opp for å lukke avviket. Helse Fonna har ikkje motteke svar frå kommunen. Dei fleste avvika er lukka, men noko står framleis att. Det vert planlagt for å lukke tilsynet i 2016.	
Lokale tilsynsmyndigheiter EI-tilsyn	Helse Førde HF	Naudmelde-sentral Davik	31.08.2015	5 avvik, konkrete manglar knytt til: Leidningar	31.12.2015	EI-tilsyn av naudmeldesentral i Davik som viser 5 avvik med lukningsfrist innan 31.12.15	

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
v/Caverion				Kabel Isolasjon Kapsling Tavle			
Lokale tilsynsmyndigheiter El-tilsyn v/Sunnfjord Energi	Helse Førde HF	Psykiatrisk klinikk, Førde. Tilsyn av el-anlegg	14.05.2014 15.06.2015 25.09.2015	1 jordfeil påvist	14.08.2015	Feilen skal utbetrast og rapporterast til etrygg. Helse Førde rapporterte den 30.10.2014 på avviket, der testar frå Caverion AS ikkje fann jordfeil i anlegg. Tilsyn av 15.06.15 gjorde igjen funn av jordfeil. Frist for tilbakemelding 14.08.15. Bestilt utføring av tiltak frå Caverion i brev frå Helse Førde av 24.8.2015. 25.9.15 rapport målingar utført av Caverion konkluderer med at dette er ein feil som kjem og går. Det er naudsynt med jamlege målingar og ytterlegare kartlegging for å identifisere tidspunkt for feil, og dermed bakgrunn for mangelen.	
Lokale tilsynsmyndigheiter El-tilsyn Sunnfjord Energi Nett	Helse Førde HF	Førde sentralsjukehus. Tilsyn av el-anlegg	21.02.2012	Tre pålegg er gitt. To er lukka.	23.04.2013	Det går føre seg kontinuerleg branntetting. Alle avvik er utbetra, men manglar tilbakemelding til og godkjenning frå Sunnfjord Energi. Sunnfjord energi er bede om tilbakemelding, slik at saken kan avsluttast.	16.03.2015
Lokale tilsynsmyndigheiter. Branntilsyn	Helse Førde HF	Førde Sentralsjukehus. Tema: brannførebbyggjande tiltak	19.02.2015	3 avvik, som handlar om: 1.Intern organisering og risikovurdering 2.Opplæring og brannøvingar 3.Feil og manglar,	20.03.2015	Krav om tiltaks- /handlingsplan innan frist 20.03.2015. Helse Førde sendte svar til branntilsynet 27.03.2015 inkludert handlingsplan med tiltak og fristar innan 01.06.2015 og 01.10.2015 Avslutta. Nytt tilsyn ca. februar 2016	Avslutta

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				funn under revisjon (fysisk/teknisk)			
Lokale tilsyns- myndigheiter Branntilsyn	Helse Førde HF	Førde sentralsjukehus Branntilsyn 30.09.13	22.10.2013	Påvist to avvik, gjeld ulike typar dokumentasjon	25.11.2013	Helse Førde har fått i oppgave å melde tilbake til Førde Brannvesen tiltak for lukking av avvik innan 25.11.13. Plan for utføring av tiltak, og førespurnad om mellombels dispensasjon for to rom, fram til nybygg kjem på plass, vart sendt ut 20.11.13. Ny oppdatert tiltaksplan vart sendt til Førde kommune 11.04.2014. Planen blei ikkje akseptert som brannverntiltak, og den 04.12.2014 blei den sendt vidare til byggesakskontoret i Førde kommune som søknad for omdisponering av rom til garderobe. Brev frå Brannvern Førde kommune av 04.12.14. Tilbakemeldingane er aksepterte og vil bli følgt opp på neste tilsyn, dersom handlingsplanen vert følgt opp. Tilsynet lukka.	23.01.2014
Lokale tilsyns- myndigheiter El- tilsyn Etrygg AS	Helse Førde HF	Psykiatrisk klinikk, Førde. Tilsyn av el-anlegg	16.07.2012	To avvik er påvist.	27.12.2012	Det går føre seg kontinuerleg brannetting. Avvik 2 er lukka. Det er bede om tilbakemelding frå Etrygg, slik at saken kan avsluttast.	
Rogaland brannvesen	Helse Stavanger HF	Lassahagen og Randaberg DPS		Lassahagen rehab. Avvik nr. 1: Manglande dokumentasjon av brannøvingar og opplæring Randaberg . Avvik nr. 1: Manglande dokumentasjon av brannøvingar og opplæring	24.03.2014	Under behandling	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Bergen brannvesen	Helse Bergen HF	Rapport frå branntilsyn Moldbakken bosenter 14.02.2014	17.02.2014	Rapporten har 1 avvik som angir manglande risikovurdering.	19.03.2014		
Bergen brannvesen	Helse Bergen HF	Rapport fra branntilsyn Psykiatrisk klinikk, Avd. S1, Sandviken 12.02.2014	17.02.2014	Rapporten har 1 avvik som angir manglande risikoreduserande tiltak.	19.03.2014		
Klageorgan							
KOFA	Helse Fonna HF	Ulovleg direkte anskaffing – klage frå Kvinnherrad Taxi AS	Klage registert 25.08.2015			Saka gjeld anskaffing av pasienttransport med drosje, kor Helse Fonna hadde inngått kontrakt etter å ha gjennomført ein konkurransesøking for inngåing av rammeavtale i 2012. Klagar peiker på at Helse Fonna gjorde ein endringsavtale i 2014, og at denne må sjåast på som ein ulovleg direkte anskaffing.	